



# Aurland kommune

BARNE- OG FAMILIETENESTEN	ARK.
ARKIVNR. 330.00	
13 JAN 2005	
SAKSBEH:	SIGN.:
SAKSNR.: 200404169	

**Sakspapir**

Arkivsaknr.:  
2005000028

Arkiv  
K2-A10, K3-&13

Sakshandsamar  
Claus Røynesdal 5763 29 00  
-496

Dato  
11.01.2005

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Forvaltningsutvalet	24.01.2005

## Ny lov om barnehage - høring

### Kort samandrag

Barne- og familiedepartementet arbeidar med å endre og oppdatere lova for barnehagane, og har sendt ut høyringsnotat om ny barnehagelov. Høyringsfrist er 10.01.05, men vi har avtale om å sende inn vår uttale etter politisk handsaming.

### Rådmannen si tilråding:

#### § 1 Føremål

Endre den kristne føremålsparagrafen frå orda "i samsvar med" til orda "som byggjer på kristne grunnverdiar".

#### § 2 Barnehagens innhald

Sterkere fokus på livslang læring, kulturelt medvit og livsdugleik. Barnehagen må verte ein kulturarena i langt sterkare grad enn det ein legg opp til i framlegg til lovtekst. Kulturformidling og kulturelle aktivitetar må vere eit fundament for barnehagen. Eit sterkare kulturelt medvit og kunnskap vil styrke barna sine sosiale og emosjonelle kompetanse, redusere og førebyggje åtferdsproblem – og dermed gi barnehagen eit betre kvalitativt innhald, både for barna, dei tilsette, foreldra og barnehageeigar.

#### § 3 Barnas rett til medverknad

Det er positivt at ein impliserer FN sin barnekonvensjon i barnehagelova.

#### § 9 Fylkesmannens ansvar

Aurland kommune stettar departementet sitt ynske om å fjerne Fylkesmannen si heimel til å føre tilsyn til kvar einiskild barnehage.

#### § 10 Godkjenning

Vi ynskjer at dagens arealnorm vert vidareført i lova.

#### § 18 Leiing

Aurland kommune ynskjer alternativ B.

#### § 19 Det andre personalet i barnehagen

Vi ynskjer difor at dagens norm for pedagogtettleik blir ført vidare i lovtekst.

## Vedlegg:

Høyringsuttale frå Utdanningsforbundet ved Vangen- og Dalen barnehage.

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Lov 5. mai 1995 nr. 19 om barnehagar  
Rammeplan for barnehagen Q-0903

### **Saksutgreiing**

Hovudføremålet med barnehagelova er å bidra til at barna får omsorg og eit godt pedagogisk tilbod. Regelverket skal sikre høy kvalitet i barnehagetilbodet, samtidig som det skal leggast til rette for mest muleg lokal utforming av kvalitetskrav m.v.

Barne- og familiedepartementet seier:

*”Forslaget til ny barnehagelov imøtekommer behovet for en forenkling og modernisering av dagens lov av 5. mai 1995 nr.19. Forslaget til ny barnehagelov med tilhørende forskrifter inneholder en rekke forenklinger som i sum vil gjøre lovverket mer brukervennlig. Et utviklingstrekk de siste årene har vært at kommunene gradvis har fått flere oppgaver og plikter som barnehagemyndighet. Når kommunesektoren får ansvaret for å løse en oppgave, bør også kommunen få ansvaret for å finne måter å organisere oppgaveløsningen på. Det bør legges til rette for at kommunene, ut fra et lokalpolitisk skjønn og demografi, kan prioritere hva som er viktigst og hvordan barnehagetilbudet skal utformes. På denne måten kan man oppnå en effektiv tjenesteproduksjon som imøtekommer brukernes behov. Den nye loven skal tydeliggjøre oppgavene til de ulike ansvarsnivåene og legge til rette for nye etableringer, økt lokal tilpasning og mangfold i barnehagetilbudet. Loven legger til rette for brukermedvirkning med tanke på å sikre foreldrene medinnflytelse på barnas hverdag.*

*Det foreslås i hovedsak endringer på følgende områder:*

- *innholdsbestemmelsen utvides*
- *barns rett til medbestemmelse foreslås synliggjort i en egen bestemmelse*
- *plikten til å søke godkjenning foreslås skjerpet*
- *reglene om kommunens behandling av godkjenningssøknader foreslås endret*
- *dagens bestemmelse om rett til prioritet ved opptak foreslås noe utvidet*
- *fylkesmannens tilsynskompetanse foreslås endret.*

I tillegg foreslås det enkelte mindre endringer og flere endringer av ren redaksjonell art.

I høringsnotatet diskuteres også hvordan bestemmelsene om barnehagens ledelse og det øvrige personalet bør utformes. Med hensyn til den kompetansen som kreves av leder i barnehagen, skisseres det to alternativer. Når det gjelder barnehagens øvrige personale, beskriver departementet to hovedalternativer med tilhørende underalternativer. Departementet ønsker en åpen drøftelse av disse spørsmålene, og vil konkludere etter høringsrunden.”

### **Økonomiske konsekvensar**

Ikkje vurdert spesifikt.

### **Vurdering**

Ny barnehagelov er ei svært viktig og retningsgjevande sak for vidare utvikling av barnehagesektoren både på lokalt og nasjonalt nivå. Vi ønskjer politisk handsaming av

høyringsnotatet som tek omsyn til eigar og brukar, barn, foreldre og dei tilsette. Departementet fremjar eit sterkt ynskje om attendemelding på høyringa. Dette står ikkje i stil til den korte tida vi har fått til å gjennomføre høyringa.

### § 1 Føremål

I eit fleirkulturelt kunnskapssamfunn er det ikkje trong for å halde fram med kristen føremålsparagraf slik denne lyder: "*Barnehagen skal hjelpe til med å gi barna en oppdragelse i samsvar med kristne grunnverdier*". Departementet nyttar ein sirkelargumentasjon ved dette høvet: Det er trong for å sjå skule og barnehage i same perspektiv, altså det er trong for å oppretthalde kristen føremålsparagraf i barnehagen fordi ein har det i skulen. Det er særskild viktig at barna får god og innlevande kjennskap til norsk og kristen kulturtradisjon. Men det tydar ikkje ei oppseiding i samsvar med kristne grunnverdier. Nestekjærleik bør vere eit felles mellommenneskeleg grunnfjell for oppseiding, men altså ikkje i samsvar med. Det er på høg tid at kristen føremålsparagraf vert fjerna frå dei pedagogiske institusjonane i Noreg slik dei gjeld i dag.

### § 2 Barnehagens innhald

I høyringsnotatet og framlegget til lovtekst står omsorgsperspektivet og læringsperspektivet høveleg sterkt. Men det må setjast større fokus på barnet i eit livslangt læringsperspektiv. Dette perspektivet er ikkje framheva klart nok i høve barnehagens innhald. Forsterking av læringsperspektivet er ikkje framheva i same grad som omsorgsperspektivet, jf. tidlegare lovtekst.

I høyringsframlegget vert ordet *kultur* i stor grad nytta som alibi for – og fungerer som synonym for – etniske minoritetar og barn med annan kulturbakgrunn enn vår eigen. Lova treng eit auka fokus på kultur som eit verkemiddel og mål i barnehagane. I framlegg til lovtekst heiter det at "*Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosial og kulturelt fellesskap*". Det er trong for å presisere at barnehagen er ein særskild viktig arena for danning, oppleving og kulturformidling. I ei tid med stendig trongare økonomi for kommunane og barnehageeigarane, er det grunn til å frykte at "barnas eigen kulturskaping" vert store ord, glansbilete og lite danning.

I tillegg til formidling må barnehagen verte ein levande kulturarena der både barna og dei tilsette kan skape og oppleve kultur på eit høgt nivå. Det er viktig at barnehagen kan ta aktivt del i aktivitetar og opplæring innan ulike kulturaktivitetar, samt får høve til å møte kultur og utøvarar på eit høgt nivå innan ulike område. Barna bør ha reell sjanse til å syne fram og utøve sine kulturaktivitetar til inspirasjon for seg sjølv og andre. I like stor grad må barna få høve til å verte kjent med si eiga kulturarv og nærmiljø.

Barnekulturen sine ulike former for leik er med på å gje barna sin kvardag ein ny og større dimensjon av struktur og samanheng. Medan vi skapar, vert vi skapte. Leiken er ein smeltedigel der mennesket sin personlegdom vert danna og utvikla. Her vert grunnlaget lagt for sosial forståing og vekst, for haldningar og *livsdugleik*. I det moderne informasjons- og kunnskapssamfunnet møter mange barn ei form for identitetsskaping som fristiller barnet frå dei tradisjonelle kulturformidlingstradisjonane. Difor må kulturformidling og oppleving vere

eit fundament for den pedagogiske verksemda. Vi treng eit ”musisk” perspektiv i barnehagen, slik vi til dømes har det i skulane gjennom ”Den kulturelle skulesekken”.

Moderne språkforskning brukar gjerne å trekke fram følgjande tre hovudfunksjonar ved mennesket sitt språk: Kontaktskapande, informasjonsberande og identitetsmarkerande. Målsetjinga om å ”formidle” er ikkje sterkt nok. Vi treng eit planlagt og gjennomgripande kulturperspektiv i årsplanane og den pedagogiske aktiviteten. Dette vil utvikle kreativitet og konsentrasjonsevne hjå barna, i tillegg til utvikling av evna til å tenkje og auka motivasjon til å lære. I like stor grad som analfabeta må lærast å lese, må song, musikk og bildande kunst formidlast, opplevast og takast del i. Eit sterkare kulturelt medvit og kunnskap vil styrke barna sine sosiale og emosjonelle kompetanse, redusere og førebyggje åtferdsproblem – og dermed gi barnehagen eit betre kvalitativt innhald, både for barna, dei tilsette, foreldra og barnehageeigar.

### *§ 3 Barnas rett til medverknad*

Både i tråd med høyringsdokumentet, og våre merknader til innhald i barnehagen, er det grunnlag til å styrke barna sin eigen medverknad i drift og utvikling av barnehagane. Det er positivt at ein impliserer FN sin barnekonvensjon i barnehagelova.

### *§ 9 Fylkesmannens ansvar*

Departementet ynskjer å oppheve Fylkesmannen sin heimel for å drive tilsyn med den einskilde barnehagen. Vi er samde i denne vurderinga. I ei tid der stendig fleire kommunar får ei flatare administrativ styringsstruktur, vil det verte aukande trong for rettleiing, dialog og rådgjeving til det kommunale nivået. Difor bør Fylkesmannen rette fokus og merksemd mot dette nivået. Ut i frå eit lokaldemokratisk perspektiv er det samstundes også lite heldig at både kommunen og Fylkesmannen driv tilsyn med kvar einskild barnehage. Dette undergrev kommunen sin autoritet som tilsynsmynde, når også Fylkesmannen har same heimel til tilsyn.

### *§ 10 Godkjenning*

I dag er det eit gjeldande rundskriv som gjev rettleiande normer for barna sitt leikeareal inne og storleiken på arealet utomhus. Departementet meiner at det ikkje er trong til å vidareføre den rettleiande norma, av di kommunen med sin lokalkunnskap vil vere best egna til å vurdere dei lokale tilhøva og behova, sett i forhold til §§1 og 2: Føremål og innhald. Rettleiande norm er fire kvadratmeter inne til leikeareal per barn, medan norma for uteområdet er å gange inneområdet med seks.

Kvalitet er eit nøkkelord også for barnehagen sitt leikeområde, ute så vel som inne. Sett i ljøs av det sterke perspektivet på omsorg og læring som har vore dominerande i barnehageverda, har det vore lite merksemd på trongen for å drive ei medviten og god tilrettelegging av barna sitt høve til å drive leik, fysisk aktivitet og utfalding i eit variert og kreativt leikeområde utomhus. Overvekt og svekka motoriske dugleikar vil verte eit stort problem i nær framtid. Det er naudsynt at det er fastsett visse rettleiande normer for leikearealet. Manglande økonomisk handlingsrom kan føre til at nokre barnehageeigarar vel løysingar som på sikt vil vere sær negativt for barn og barnehagen. Omgrepet ”høveleg” om leikearealet står med motsett forteikn til departementet sitt ynskje om universell utforming av barnehagen (dvs. at bygningar og uteområde skal utformast på ei måte slik at dei kan brukast av alle, uavhengig funksjonshemming).

Nyleg mottok vi handlingsplanen "*Sammen for fysisk aktivitet*. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005 – 2009". I følgeskrivet heiter det at det er åtte ulike departement som har utarbeidet handlingsplanen. I punkt 6.2.2 *Barnehagens utearealer* skriv departementet:

"Barnehagens fysiske omgivelser må ha kvaliteter som stimulerer motorisk utvikling gjennom lek og fysisk utfoldelse, og samtidig er trygge for barn i ulike aldersgrupper. Uteområdene må derfor være egnet, både i utforming og størrelse, for variert lek og utfoldelse under trygge forhold. Utearealet i barnehagen bør ideelt sett være om lag seks ganger så stort som leke- og oppholdsarealet inne. Gjennom utfordrende lek og variert fysisk aktivitet utvikler barna motoriske ferdigheter, de får erfaring i å mestre utfordringer i det fysiske miljøet og de lærer å passe seg for det som kan være farlig."

Dette er i røynda eit godt døme på den manglande samhandlinga som finn stad mellom departementa. I slike sentrale handlingsplanar blir det nettopp uforpliktande fyndord og staffasje. Det er samtidig ein tankekross at eit og same departement på same tid sender ut eit høyringsnotat om ny barnehagelov og ein nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet – der departementet fremjar to ulike synspunkt! I handlingsplanen seier dei at uteområdet ideelt bør vere om lag seks gonger så stort som leikeområdet innomhus. I framlegget til lov heiter det at "Departementet mener det ikke er behov for å videreføre denne veiledende normen". Aurland kommune skal vere presis: Vi ynskjer at dagens arealnorm vert vidareført i lovtekst.

### § 18 *Leiing*

Vi vil hevde at personalet sine haldningar, kunnskap, dugleik og kompetanse er dei avgjerande føresetnadene for god kvalitet i barnehagen. Det kan vere vel så viktig med reell kompetanse som formell, men vi vil ikkje utelukke grunnleggjande kompetanse på fagfeltet. Det kan vere lett for at omgrepet "forsvarleg" pedagogisk og administrativ leiing ikkje held vatn i tider med trong kommunal økonomi. Når det gjeld fokus på kompetanse og livslang læring vitnar td St. meld. nr. 30 *Kultur for læring* om eit anna perspektiv i skulen. Endringane som no skal realiserast gjennom ei ny omfattande reform har fått namnet *Kunnskapsløftet*, med ei tilhøyrande "*Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005 – 2008*". Det er ikkje dei same strengane Barne- og familiedepartementet spelar på for barnehagane.

Vi treng lokalt handlingsrom og ulikt høve til å tilpasse drift av kommunale tenester i eit samfunn i endring. Vi er interesserte i minst mogleg sentralt fastsette krav på kva og kven vi skal tilsetje i ulike kommunale stillingar. Men vi ønskjer snarare ei utvikling i retning av at samtlege medarbeidarar i barnehagen har utdanning, fagbrev og anna formell kompetanse. Det er stor trong for å få inn ulike yrkesgrupper i barnehagen, som til dømes sosionomar, barnevernspedagogar, lærarar, musikkpedagogar, musikarar og andre. Men fokus må verte på formell og reell kompetanse i tillegg til at personane er skikka til å jobbe i barnehagen. Departementet skriv at "Styrefunksjonen kan i dag sammenfattes i fire hovedoppgaver:

- lede pedagogisk virksomhet,
- utøve personalansvar,
- utføre administrative oppgaver,
- samhandle med den kommunale barnehagemyndigheten.

(...) Lederskap dreier seg om:

- å ta ansvar for at barnehagens mål og rammer er klarlagt
- at det utvikles en felles erkjennelse for målene blant medarbeiderne, og for de resultatene som da bør skapes

- at resultatene følges opp slik at man på en best mulig måte sikrer måloppnåelse
- at man initierer og gjennomfører nødvendige endringsprosesser slik at man på en bedre måte kan møte barns og foreldres behov.”

Vi ser det som sjølvsagt at barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leining, og at barnehagen skal ha ei dagleg leiar. Vi ser heller ein trong til å styrke etterspurnaden etter førskulelærarar enn å redusere. Vi vonar at barnehagen vil verte ein arnested for vekst og personleg utvikling hjå medarbeidarane, og treng fokus på kvalitet – også i utdanning hjå personalet. Vi ynskjer alternativ B av dei to framlegga:

#### Alternativ A

*Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.*

*Barnehagen skal ha en daglig leder.*

#### Alternativ B

*Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse. Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskulelærer eller annen treårig pedagogisk utdanning på høghøgskolenivå med tillegg av ett års (60studiepoeng) videreutdanning i barnehagepedagogikk. Når barnehage og grunnskole er organisert som en mindre virksomhet, kan skolens rektor være daglig leder for barnehagen. Kommunen kan innvilge dispensasjon fra utdanningskravet etter andre ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen. Departementet gir nærmere forskrifter.*

#### *§ 19 Det andre personalet i barnehagen*

Vurderingane om personalet vert gjort greie for under § 18, og vi treng ikkje gjenta at vi ønskjer mest mogleg utdanna personale i barnehagen. Det viktige momentet i § 19 er spørsmålet om vidareføring av dagens norm med gjeldande pedagogtettleik, eller om kommunen skal ha høve til å finne ei føremålstenleg samansetjing av talet på pedagogar i barnehagen. Vi meiner det er avgjerande at det er administrativ og pedagogisk kompetanse i barnehagane. Sentralt fastsett norm for pedagogisk bemanning er viktig for å stette faglege krav til innhaldet i barnehagen. Manglande minimumsnorm kan gå ut over faglege kompetanse, i ei tid då kommunen slit med ein vanskeleg økonomisk situasjon. Vi ynskjer difor at dagens norm for pedagogtettleik blir ført vidare i lovtekst.

Claus Røynesdal  
Kommunalsjef